



«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Kathrine Helen Sundeng, 33371182

Handtering av overskotssnø - oppfølgingsbrev

Fylkesmannen forventar at kommunane og andre vegeigarar har utarbeida ein miljømessig forsvarleg plan for sin snøhandtering for kommande vintersesong. Snø i tettbygde og trafikkerte område kan innehalde betydelege mengder forureiningar og søppel. Det er vegeigarar som har ansvar for å sjå til at overskotssnøen blir handtert forsvarleg og å hindre at forureining finne stad i medhald av forureiningslova § 7.

Fylkesmannen viser til informasjonsbrev sendt i vintersesongane 2018/2019 og 2019/2020, og påpeker med dette vegeigar sitt ansvar for forsvarleg handtering av overskotssnø. Kordan vegeigar handterer overskotssnø kan bli følgt opp gjennom tilsyn av Fylkesmannen.

Bakgrunn

Snø kan vere forureina med miljøgifter, mikroplast, vegsalt, partiklar og søppel. Bortkøying av snø er særleg aktuelt i tettbygde og trafikkerte område i byer og industriområde. Snø frå slike område kan innehalde betydelege mengder forureining, og skal i utgangspunktet handterast som forureina materiale.

Deponering og dumping av forureina snø kan vere i strid med forureiningslovenes generelle forureiningsforbod (§ 7) og/eller forsøplingsforbod (§ 28), og dermed ulovleg utan særskilt løyve etter forureiningslova. Dumping av snø i sjø og vatn kan vere i strid med vassforskrifta (§ 4) dersom det fører til redusert økologisk- og kjemiske tilstand i vassførekomsten, eller er til hinder for arbeidet med å nå det aktuelle miljømålet for området.

Kommunane og andre vegeigarar har ansvar for å sjå til at overskotssnøen blir handtert forsvarleg og å hindre at forureining finne stad i medhald av forureiningslova § 7. For å sikre ei forsvarleg handtering av overskotssnøen, er det viktig å finne område som er egna til formålet. Vegeigarar plikter å informere entreprenørane om korleis snøen skal handterast.

Fylkesmannen er styresmakt etter forureiningslova i slike saker. Løyve til dumping av snø i sjø og vassdrag er Fylkesmannen svært restriktive til. Man bør i hovudsak unngå slik dumping på grunn av faren for spreieing av forureining. For etablering av større snødeponi på land kan det vere nødvendig



med løyve etter forureiningsregelverket. Det må vurderast i den enkelte sak i lys av bl.a. omfang, forureiningsgrad, naturverdiar og sårbarheit til resipient.

Fylkesmannen oppfordrar til å opprette snødeponi som er plassert så langt unna sjø og vassdrag som mogleg, på ein lokalitet der det ikkje er forventast negativ påverking på sensitive naturkvalitetar. Eit snødeponi skal også vere regulert til eit slikt formål av kommunen gjennom plan- og bygningsloven. Dersom det er fare for forureining til sjø/vassdrag eller til grunn frå eit snødeponi, må det søkast om utsleppsløyve frå Fylkesmannen.

Ein søknad må innehalde ei stadspesifikk miljørisikovurdering for å kartlegge i kva for grad deponeringa kan medføre skade eller ulempe på nærliggande miljø. Denne skal som eit minimum innehalde følgande:

- Mengde snø
- Kvar snøen kjem frå
- Forureiningsgraden – Prøvetakingsprogram
- Vurdering av smeltevatn
- Beskrivingar av sjø/vassdrag og naturtypar som kan påverkast
- Avbøtande tiltak
- Beskrivingar av reinseløysning.
- Tiltak for opprydding på området etter snøsmelting

Med helsing

Elisabet Rui (e.f.)
direktør Miljøavdelinga

Kathrine Helen Sundeng
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Mottakerliste:

Hjartdal kommune	Saulandsvegen 414	3692	SAULAND
Tokke kommune	Storvegen 60	3880	DALEN
Færder kommune	Postboks 250	3163	NØTTERØY
Notodden kommune	Postboks 193	3672	NOTODDEN
Tønsberg kommune	Postboks 2410	3104	TØNSBERG
Bamble kommune	Postboks 80	3993	LANGESUND
Drangedal kommune	Gudbrandsvei 7	3750	DRANGEDAL
Kviteseid kommune	Kviteseidgata 13	3850	KVITSEID
Larvik kommune	Postboks 2020	3255	LARVIK
Seljord kommune	Brøløvsvegen 13 A	3840	SELJORD
Siljan kommune	Postboks 16	3749	SILJAN
Vinje kommune	Vinjevegen 192	3890	VINJE
Midt-Telemark kommune	Postboks 83	3833	BØ I TELEMARK



Fyresdal kommune	Klokkarhamaren 6	3870	FYRESDAL
Holmestrand kommune	Postboks 312	3081	HOLMESTRAND
Kragerø kommune	Postboks 128	3791	KRAGERØ
Porsgrunn kommune	Postboks 128	3901	PORSGRUNN
Skien kommune	Postboks 158	3701	SKIEN
Tinn kommune	Postboks 14	3661	RJUKAN
STATENS VEGVESEN	Postboks 8142 Dep	0033	OSLO
VESTFOLD OG TELEMARKE FYLKESKOMMUNE	Postboks 2844	3702	SKIEN
Horten kommune	Postboks 10	3191	HORTEN
Nissedal kommune	Treungvegen 398	3855	TREUNGEN
Nome kommune	Ringsevja 30	3830	ULEFOSS
Sandefjord kommune	Postboks 2025	3202	SANDEFJORD